

H E i L t
og ove

K r i m i

N e L T .

Sunnfjordske
krimdagar

28. september
- 1. oktober
2006

Førde har fostra mange forfattarar og litteratur er kanskje noko byen skal bygge vidare på, var ein av tankane mine då eg fekk ideen til krimdagar. Trodalsmordet, saman med novella "En korsgang" av Kristian Elster, ligg som eit bakteppe for arrangementet.

I tillegg til det historiske er det andre gode grunnar for å lage eit slikt arrangement.

KVIFOR KRIMDAGAR I SUNNFJORD?


Krim er ein populær sjanger, og vi ynskjer å auke interessa for lesing, m.a. ved at publikum får møte forfattarar. Vi vil òg gje forfattarspirar høve til å kome i gang og arrangerer ein novellekonkurranse for ungdomskulane og dei vidaregåande skulane i fylket. I tillegg er arrangementet ein unik sjanse til å rette søkelyset mot aktuelle tema i tida. I år er temaet justismord og rettstryggleik, under eit seminar i regi av Sogn og Fjordane Teater. Vi har i tillegg invitert forfattarar som har skrive om justismord.

Krim-bøker har ikkje alltid vore stoverein i alle krinsar, men den har alltid hatt eit stort publikum. Kva er det så som fenger slik med krimlitteratur? Spenning, sjølvstakt, men òg tanken på å rydde opp. Det kjennest alltid godt å få ordna opp i kaos. Det er dessutan fascinerande og engasjerande å få vere med og nøste opp eit mysterium, det er som å leite seg fram i ein rebus eller i ein labyrint.



Vi håper at vi har laga eit engasjerande og mangfaldig program for dei første krimdagane i Sunnfjord, både for leselystne, kinofrelste, born og vaksne. Kanskje får hausten i Førde ein ny dimensjon med ei slik satsing på krimlitteratur. Vi ønskjer alle hjarteleg velkomne til Førde, til heilt kriminelle - sunnfjordske krimdagar!

Judith Hegrenes
styremedlem og initiativtakar



ONSDAG 27.09.

11.00

"...RETTE FINN DET PROVA UTOVER ALL RIMELEG OG FORSTANDIG TVIL..."

Førdehuset, Lisjesalen. Billett kr 50,-. Sal ved inngang.
Gratis for medlemmar av Senioruniversitetet.

Sorenskrivar **Bjarte Eikeset**: Tankar om ein domars synsstad over temaet "Beviskravet i straffesaker". Arr: Senioruniversitetet.

TORS DAG 28.09.

11.00–16.00 **JUSTISMORD OG RETTSTRYGGLEIK - SEMINAR**

Førdehuset. Billett kr 400 for ein dag. Kr 700,- for begge dagar.

Tore Sandberg: Endeleg reinvaska – men du skulle fått oppleve det, Fritz Sandberg er privat etterforskar. Saka om Fritz Moen er den sjuande saka der Sandberg har bidratt til at domfelte er blitt frifunnen.

Fredrik Fasting Torgersen: Eiga oppleving med den norske rettsstaten Torgersen sona 16 år i fengsel for drap i 1958. Han har alltid hevda si uskuld, og har no saka til handsaming i kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker.

Camilla J. Juell Eide: Pressas dekking av Torgersen-saka

Juell Eide er cand.philol med hovudfag i medie- og kommunikasjon ved UiO. Forfattar og frilansjournalist.

Edvard Hoem: Dramatiseringa av Hetlesaka

Hoem er romanforfattar og dramatkar. Han var innstilt til Nordisk Råds litteraturpris for fjerde gong med "Mors og fars historie". Hoem er aktuell som dramatkar av "Mikal Hetles siste ord" som blir sett opp av Sogn og Fjordane Teater.

Arr: Sogn og Fjordane Teater

16.00

BOKRAS - 3 BØKER BLIR SLEPPTE

Quality Hotel Førde. Gratis inngang.

Atle Hansen, Gaute Losnegård og Rune Timberlid lanserer nye bøker.



Tore Sandberg



Edvard Hoem

18.00-19.30 OFFISIELL OPNING AV HEILT KRIMINELT - SUNNFJORDSKE KRIMDAGAR

Quality Hotel Førde. Billett kr 115,-.
Fellesbillett med Vargtime kr 265,-.

Opning ved **Tore Sandberg**. **Anne Mette Hjelle** i samtale med **Monika Yndestad** om "Drapsmysterier i Bergensområdet".

Kai Martin Brekke i samtale om "Nattergal".

Utnemning av vinnar av novellekonkurransen blant skuleelevar.
Memokunnskap ved **Oddbjørn By**. Musikk ved pianist **Sigmund W. Omvik** og saksofonist **Martin Bengtsson**.

18.30-20.00 KINO: KLATRETYVEN

Førdehuset. Spenningsfilm for born. 7 år. 1t 26 min. Billett kr 50,-.

Ein spennande dansk barnefilm frå 2002. 12 år gamle Ida vil gjennomføre tidenes bankran for å redde farens liv.

20.00-21.40 FØRPREMIÈRE KINO: STORMBREAKER

Førdehuset. 1t 33 min. Billett kr 70,-

Førpremière av filmen om Alex Rider; dei unge sin James Bond!
Basert på Anthony Horowitz sin bestselgar-serie.

21.00-22.30 VARGTIME MED GUNNAR STAALESEN

Quality Hotel Førde. Billett kr 215.
Fellesbillett med opningsarrangementet kr 265,-.

Forestillinga Vargtime med **Gunnar Staalesen** og **Jan Kåre Hystads** kvartett.



Monika
Yndestad



Førpremière kino: Stormbreaker

FREDAG 29.09.

09.30–13.00 JUSTISMORD OG RETTSTRYGGLEIK – SEMINAR

Førdehuset. Billett kr 400,- for ein dag. Kr 700,- for begge dagar.

Aina Schiøtz: Hetlesaka – ei rettsmedisinsk slagmark

Schiøtz er professor i medisinsk historie ved Institutt for samfunnsmedisinske fag ved UiB.

Ståle Eskeland: Justismord som målestokk for rettstryggleik i straffesaker

Eskeland er professor i rettsvitenskap ved UiO, med forskningsfelt innan strafferett, straffeprosess og rettstryggleik.

Cato Schiøtz: Årsaka til justismord og kampen for rettferd

Schiøtz er cand.jur og leiar for Rettssikkerhetsutvalget i Den Norske Advokatforening.

Arr: Sogn og Fjordane Teater.

14.00 DOKUMENTARTUR TIL HETLESTØYLEN

Buss frå Førdehuset. Billett til buss og guida tur kjøpast på førehand, kr 115,-. Billett kun til guida tur kr 50,-, sal på Hetle.

Guida tur med **Arne Hetle** og **Gaute Losnegård**. Parkering på Hetle. Klokka 15.00 går vi skogsvegen ved elva. Høveleg sko og kle, gjerne drikke og nistepakke. Turen varer i fire til fem timar. Arr: Selja Forlag.

17.30 VORSPIEL KRIMVELD – BOKKAFÈ

Quality Hotel Førde. Billett kr 65,-

Jan Mehlum og **Chris Tvedt** om justismord som litterært tema, saman med skribent og journalist **Monika Yndestad**. Signering og sal av bøker. Krimbuffet kan tingast direkte hos Quality Hotel Førde: 57 82 81 10.

19.40 KRIMVELD I ANGEDALEN MED BOKSLEPP: GUNNAR STAALÉSEN

Hegrenes Bruk. Billett kr 220,-.

Gratis buss frå Quality Hotel Førde kl 19.00.

Krimvandring. **Gunnar Staalesen** slepp boka si "Dødens drabanter" der handlinga er lagt til Sunnfjord. Mystikk og spenning i norsk folketradisjon med **Elin Grytting** og **Hanne Oftedal**.



22.00-24.00 KINO: CAPOTE

Førdehuset. 15 år. 1.55 min. Billett kr 70,-

Vi følgjer forfatteren Truman Capote under hans arbeid med boka "Med kaldt blod", og hans nære vennskap med Perry Smith - ein av dei tiltalte drapsmenna.

LAURDAG 30.09.

12.00

FORFATTARSLEPP

Quality Hotel Førde. Billett kr 65,-

Dei fire forfattarane med bokslepp: **Gunnar Staalesen**, **Rune Timberlid**, **Gaute Losnegård** og **Atle Hansen** les frå bøkene sine. Opplesing av vinnarnovella frå konkurransen blant skuleelevar.

12.00-15.00

FAMILIEDAG I FØRDEHUSET

12.00-13.00: Kriminell badeleik med pistol og ball

Billett vaksen kr 60,-. Born kr 40,-. Kjøp kinobillett, spesialtilbod kr 25,-.

13.00-14.30: Kino - Klatretyven

Førdehuset. 7 år. 1t. 26 min. Billett kr 50,-. Sjå omtale s.4.

15.00: Krim på biblioteket

Arrangement for inviterte skuleklassar og andre med forfattarane **Atle Hansen** og **Kjersti Scheen**. Gratis.

16.30-18.00

ETTERMIDDAGSKAFÉ OG BOKBAD MED KJERSTI SCHEEN

Quality Hotel Førde. Billett kr 65,-

Med **Kjersti Scheen** og **Rune Timberlid**. Bokbadar: **Marit Bendz**.



Gunnar Staalesen



Rune Timberlid



Gaute Losnegård



Atle Hansen

19.00


FARVEL, MIN ELSKEDE

Quality Hotel Førde. Billett kr 220,-.

Blues, blondiner og blåveisar - hardkokt, krimmusikalsk aften med norsk krim nestor **Nils Nordberg** og **Good Time Charlie**. Krimbuffet kan tingast direkte hos Quality Hotel Førde: 57 82 81 10.



Good Time Charlie spelar opp til dans laurdag!



Kjersti
Scheen



SØNDAG 01.10.

13.00

FORFATTARVANDRING I FØRDE SENTRUM

Start på Langebrutorget. Billett kr 50,-. Sal på staden.

Guida vandring med dei gamle Førde-forfattarane som tema, der vi mellom anna får sjå kvar dei budde på Skei.

15.00

MØTE MED LOKALE POLITIHELTAR

Quality Hotel Førde. Billett kr 50,-.

Krimdagane blir avslutta med gode historier frå livet som politi i distriktet. Søndagsmiddag kan tingast direkte hos Quality Hotel Førde: 57 82 81 10.



Billettinformasjon:

Billetter 57 72 19 00,
Førdehuset og Servicetorget.
Hentefrist 7 dagar etter bestilling.
Eventuelle restbilletter vert selde
ved inngang.

Krimweekend på Quality Hotel Førde:

Overnatting med halvpensjon kr 590,-
p.p. i dobbeltrom pr. natt.
Overnatting med halvpensjon kr 845,-
i enkeltrom pr. natt.
Billetter til arrangement på hotellet
til sals i resepsjonen.

Heilt kriminelt -
sunnfjordske krimdagar
Postboks 133
6801 Førde

Telefon 57 72 19 54
Faks 57 72 19 55
www.sunnfjord.no

Ansvarleg utgjevar:

Tom Farsund
Reisemål Sunnfjord

Arrangert av:



Støtta av:



Hovudsponsorar:



Andre sponsorar:



Takk til Kjell D. Ramsdal for utvikling av logo.